



FYLKESMANNEN I TELEMARK
LANDBRUKSAVDELINGEN

STATENS HUS, 3708 SKIEN, TELEFON 35 58 61 10, TELEFAKS 35 53 10 26

Landbruks- og matdep:	
Saksnr.: 2005 01130	Doknr.: 14
Mottatt: 26 SEPT 2005	
Saksbø: ASRLJVR/IAA	Ark.: 41
Kopi:	Avskr.:

Sak nr. 29

VÅR REF. VED SVAR
05/3345/øva/isf
422.

DATO
23.09.2005

Fylkeslandbruksstyret hadde møte på Statens Hus, Skien, 23. september 2005 og handsama sakene etter sakslistenr. 26 - 32 og S-sak 2/2005

Av styremedlemmane møtte: Ellef Ellegård, Aslaug Vale, Gry Anette Rekanes, Jon Mælandsmo, Tahar Haddad, Britt Gursli Tobro og Knut Liljeberg.

Fylgjande tenestemenn møtte: Åse Egeland, Ole Jørgen Wefald, Ingvild Grov Korneliussen og Øystein Vatnar.

Ellef Ellegård
(sign.)

Aslaug Vale
(sign.)

Gry Anette Rekanes
(sign.)


Jon Mælandsmo
(sign.)

Knut Liljeberg
(sign.)

Tahar Haddad
(sign.)

Britt Gursli Tobro
(sign.)

Rett utskrift:


Ingvild Grov Korneliussen
rådgiver

Utskrifta går til: 1. Landbruks og Matdepartementet, Pb 8007 Dep., 0030 Oslo



MØTEBOK

Fylkeslandbruksstyret i Telemark.

Møtedato: 23/09/2005

Saklistenr: 29

Saknummer: 080005 10022 DIJ

Saksnr. arkiv: 2005/3345

HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I JORDLOVA

Sakshandsamar: Øystein Vatnar

Saksdokument:

1. Høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet; 04.07.2005
2. Høyringsnotat; 29.06.2005
3. Kopi av møtebok for Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal; saksframlegg 07.09.2005.

Vi viser til tidlegare utsendt høyringsbrev og høyringsnotat og til saksframlegget frå Møre og Romsdal. Høyringsnotatet på ca 50 sider har vi sendt styremedlemmane tidlegare og antar at dette framleis er tilgjengeleg. Høyringsbrevet og møteboka frå Møre og Romsdal er vedlagt her. Skulle nokon likevel mangle høyringsnotatet, så sei frå, og vi vil sende det på nytt.

Vi kan gjere kjent at Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal slutta seg til fylkesmannen sitt saksframlegg med røysting 4 røyster for og 3 røyster for eit framlegg om å slutte seg til LMD sine vurderingar og konklusjonar.

Saksutgreiing, vurdering og tilråding:

Generelt

Ei hovudsak i denne høyringa er etter vår vurdering framlegget om å oppheve det generelle forbodet mot frådelling av skog og utmark frå landbrukseigedomar. Derfor konsentrerar vi uttala om dette problemområdet. Vi er samd med fylkesmannen i Møre og Romsdal når han meiner at det framleis bør vere nasjonal politikk å skape og å oppretthalde rasjonelle landbrukseiningar.

Også i vårt fylke vil det vere dramatisk å gje opning for frådelling av skog- og utmarksressursene på den måten som LMD gjer framlegg om. Dette ser vi at på noko sikt både kan og vil føre til store endringar i eigedomsstruktur som vil vere særskilt negativt både for "samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket" - for å sitere frå den gjeldande føremålsparagrafen.

Skottland/Norge/Telemark

Landbruksavdelinga hadde nyleg ein fagtur til mellom anna Skottland. Vi kan trekke samanlikning til dette landet; der dei nå gjennomfører "Land reform". Ei målsetting med "Land reform" er å tilbakeføre landområde lokalt til lokal næringsutvikling. I dag eigast 40% av landet av 343 personar, mange med adresse utanfor lokalsamfunnet og utanfor Skottland. Sal og oppdeling av landeigedomar har vore relativt fritt. Myndigheitene ønskjer å tilbakeføre landområde til lokale brukarar og kjøper opp eigedom som er på handel for vidare sal lokalt. Ved å ta bort delingsforbodet vil ein i utmarkskommunar kunne kome i same situasjon her heime.

I fjellkommunar som Tinn og Vinje har det vore ei målsetjing at mest mogeleg fjell og utmark skal disponerast og forvaltast på innanbygds hender som ein del av landbruket.

Eksempel frå Tinn

Vanleg struktur på eigedomar i Tinn er begrensa areal med dyrka mark og skog i dalane og store fjellområde med setrar og vatn over skoggrensa.

Ei frådellingssak som har pågått frå 1989 til 2004 viser kva endringsframlegget vil føre til:

Opphavleg eigedom:

Ved byetablering blei den dyrka marka bygd ut. Gardstunet låg att med 625 da produktiv skog, 225 da anna skog tilknytta og i tillegg til part i et sameige på ca 2400 da.. Seterhavna på 14.700 da, ligg ca 22 km frå gardstunet i høgde 960 - 1150 m.o.h..

Produktiv skog og gardstun blei prøvd frådelt i 1989. Bakgrunn var truleg fritak for bu- og driftsplikt da resterande eigedom vil vere rein fjelleigedom. Søknaden blei avslått. Deretter blei gardstunet (2,5 da) godkjent frådelt som hustomt i 1990.

I tida 1990 - 2000 har gjentekne søknadar om fritak for bu- og driftsplikt blitt avslått. I 2000 tilbyr buet Tinn kommune den produktive skogen og delar av fjellet gratis mot å avstå frå krav om bu- og driftsplikt overfor fire arvingar på gjenverande seterhamn på 14.700 da. Tilbodet blir ikkje realitetsbehandla og det visast til eventuell delingssøknad.

Ny delingssøknad sendast i 2000. Både Tinn kommune og Fylkeslandbrukstyret i Telemark avslår søknad og påfølgjande anke. Landbruksdepartementet gjev klagar medhald i 2003 og i 2004 blir deling gjennomført. Seterhamna på 14700 da blir så overdratt til 4 arvingar som fritidseigedom.

Kommentar.

Ved å fjerne delingsforbodet kan vi vente fleire slike saker i øvre del av Telemark. Resultatet kan bli ein massiv overføring av fjellområde til fritidseigedomar med utanbygds eigarar, jfr. Skottland.

Eksemplet ovanfor er overføring ved arv og seier lite om kva prisen kan bli på fjelleigedomar. I sommar blei ein noko mindre fjelleigedom (13.000 da) selt for 8,5 mill kr.. Denne ligg 8 km frå eksemplet. Bønder har generelt ikkje mogelegheit til å konkurrere om tilleggsareal. Vi ser for oss at arveoppgjær vil bli ein stor arena for oppdeling av landbrukseigedomar.

Etter det ein kan sjå vil fjerning av delingsforbodet heimle oppspalting av eigedomar og sal bitevis. Ved eigedomsovergang der det er fleire arvingar blir det vanskeleg å forsvare prisar som samsvarar med ressursgrunnlaget brukt i landbruksproduksjon etter dette. Ein kan forvente ei utvikling der landbruket i fjellbygdene består av skog og dyrka mark i dalane og der fjellområde fri for drifts- og buplikt eigast og brukast av utanbygds som fritidseigedom. I beste fall kan salet gje grunnlag for investeringar i tradisjonelt landbruk.

Sluttmerknad.

Fylkesmannen sluttar seg i si innstilling til synspunkt i det omfattande saksframlegget frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Opning for fri frådelling av skog / areal som ikkje er dyrka mark vil føre til oppretting av mindre og urasjonelle skogteigar med dertil uoversiktlege eigartilhøve og utnyttingspotensiale. Fylkesmannen meiner det er lite truleg at hovuddelen av evt. frådellingar og sal av skogareal vil skje som ledd i rasjonalisering / styrking av andre landbrukseigedomar. Fri frådelling vil svekke næringsgrunnlaget på resteigedomen og gjøre det vanskeleg å krevje bu- og driveplikt.

Erverv av fradelte skogareal / areal som ikkje er dyrka mark vil framleis vere konsesjonspliktige. Kommunane vil derfor i ulik grad kunne nekte konsesjon for å hindre uønska oppretting av mindre og urasjonelle skogteigar, samt behalde delingsforbodet gjennom å innføre lokal forskrift med utvida plikt til å søkje samtykke til deling .

Generelt er det er uheldig at landbrukslovgjevinga blir endra bit for bit - slik vi har sett det i seinare tid og slik vi ser det i denne runden; gjennom endring av odelslov, jordlov, konsesjonslov, bupliktregelverk, kapitaliseringsrentefot og buverdidefinering i verdivurdering m.v. Det er etter vår vurdering naudsynt å vurdere heilskapen - og mellom anna reise spørsmåla: Skal vi ha odelslov, skal vi ha buplikt og skal vi ha prisregulering.

På denne bakgrunn vil fylkesmannen ved landbruksdirektøren legge fram fylgjande
FRAMLEGG TIL UTTALE FRÅ FYLKESLANDBRUKSSTYRET:

Fylkeslandbruksstyret i Telemark syner til det som kjem fram i merknadene frå landbruksdirektøren, og seier seg samd i desse.

ANDRE FRAMLEGG TIL UTTALE:

Aslaug Vale la fram fylgjande framlegg til uttale:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg til Landbruks- og matdepartementets vurderingar og konklusjon.

RØYSTING:

- 4 røyster for fylkesmannen sitt framlegg.
- 3 røyster for Aslaug Vale sitt framlegg.

UTTALE FRÅ FYLKESLANDBRUKSSTYRET:

Fylkeslandbruksstyret i Telemark syner til det som kjem fram i merknadene frå landbruksdirektøren, og seier seg samd i desse.

Kopi sendt til:

Landbruks- og matdepartementet

Sign. Kommune:.....**Sign. Fylke:.....**